



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Laila Pedersen Kaland, 5557 2373

Vår dato  
01.12.2016  
Dykkar dato  
20.10.2016

Vår referanse  
2016/13546 421.3  
Dykkar referanse  
16/1096

Fusa kommune  
Postboks 24  
5649 Eikelandsosen

### Fusa - planprogram kommunedelplan for akvakultur 2018 - 2027

Me viser til oversending av planprogram med frist til 09.12.2016 for å koma med uttale.

I følgje plan- og bygningslova (pbl.) § 4-1 skal eit planprogram gjera greie for formålet med planarbeidet, planprosessen, opplegg for medverknad, kva alternativ som vert vurdert og behovet for utgreiingar. I forslaget til planprogram er det vist til føringar for planarbeidet, interkommunalt samarbeid er omtalt og ein ser på organisering og medverknad i planprosessen. Planprogrammet gir lite informasjon om kva behov kommunen meiner det er for utgreiingar i planprosessen.

Store delar av planprogrammet er allereie vedteke av kommunen som del av arbeidet med arealdelen av kommuneplanen 2015-27. Me viser derfor til uttalen vår til forslaget til kommuneplan av 10.09.2015. Der uttalte me følgjande om akvakultur:

*Nasjonale føringar for akvakultur seier at utvikling og vekst i næringa skal skje innafør ei berekraftig ramme. Fusa kommune ønskjer å ha ei livskraftig og berekraftig havbruksnæring. I kommuneplanen har ein foreslått tre nye område for akvakultur, ved utviding og stadfesting av dagens arealbruk. Fleire område har blitt opna for gjennom dispensasjonar og har ikkje blitt tilstrekkeleg utgreidd.*

*Konsekvensutgreiingar som skal leggjast til grunn for kommuneplanar i fjordsystemet Bjørnefjorden - Fusafjorden må omfatte heile fjordsystemet dersom det skal vere relevant som avgjerdsgrunnlag for arealdelen. Det er no ute på høyring forslag til regional kystzoneplan for Hordaland. Denne planen tek opp ein del overordna problemstillingar knytte til miljøpåverknad frå næringa, men gir etter det vi kan sjå likevel ikkje meir konkret kunnskap om situasjonen i og rundt Fusafjorden.*

*Vi kjenner ikkje bestandsstatus til vill anadrom fisk i Fusa. Fylkesmannen legg til grunn at dagens akvakulturanlegg påverkar bestandar av vill laksefisk i fjordsystemet negativt. Fylkesmannen er på denne bakgrunn kritisk til å fastsette nye areal for oppdrettsområde i sjøen i kommuneplanen. Vi støttar kommunen i at det ikkje skal leggjast ut nye område til akvakultur i Henangervatnet og Skogseidvatnet, eit område med store friluftis- og naturkvalitetar.*

*Vi oppfattar forslaga VA 1 Drageid og VA 2 Tombre som mindre justeringar for dagens settefiskanlegg. Konsekvensutgreiinga tilrår akvakultur på område 22.13.4 Lyngnes. Då dette*

*ikkje er vist eller omtalt i planen, legg vi til grunn at det ikkje inngår i arealdel.*

*Konklusjon: Ved ein meir omfattande gjennomgang, har det vist seg at temaet akvakultur etter Fylkesmannen sitt syn er ufullstendig handsama og utgreidd i planen. Mellom anna ligg det inne ein lokalitet som er etablert på dispensasjon, men ikkje utgreidd eller vist i kartet. I sum finn Fylkesmannen det ikkje mogeleg å ta stilling til planen si løysing for akvakulturtemaet.*

*Kommunen uttrykte forståing for dette synet og signaliserte at ei løysing i denne omgangen kan vere å ta ut dette temaet før planvedtak og samstundes kome raskt i gang med eit kommunedelplanarbeid. Helst bør ein sjå heile fjordsystemet samla i ein slik planprosess. Fylkesmannen støttar dette. Ved å «fryse» dagens situasjon og starte på eit eige planarbeid, vil ein kunne skaffe fram naudsynt kunnskap, vurdere verknader ut frå reelle sumverknader og samla belastning og ved det leggje grunnlaget for ei berekraftig utvikling av næringa vidare.*

Fylkesmannen er positiv til at Fusa kommune no går i gang med det viktige arbeidet det er å få på plass ein kommunedelplan for akvakultur. Dei nasjonale forventningane til kommunal og regional planlegging legg til grunn at kommunane skal sikra tilstrekkeleg areal til havbruksnæringa og avvege dette mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Der er det vidare uttalt at regjeringa vil leggja til rette for føreseieleg vekst i lakse- og aureoppdrettsnæringa, der miljømessig berekraft vil vera den viktigaste føresetnaden for regulering av næringa.

Når ein skal vurdere sumverknader og samla belastning for fjordsystemet i samsvar med naturmangfaldlova § 10, kjem ein ikkje utanom å vurdere fjordsystemet samla. Dei utfordringane som følgjer av akvakultur er felles for fleire kommunar i Bjørnefjordregionen. Det vert i planprogrammet vist til at ein har vurdert interkommunalt samarbeid, men at kommunane har kome ulikt i arealplanprosessen slik at ein ikkje startar eit omfattande interkommunalt samarbeid no. Fylkesmannen vil på det sterkaste oppfordra til at interkommunalt samarbeid vert vurdert på nytt. Uansett vil kunnskapstilfanget som skal leggjast til grunn for kommunedelplanen måtte vera interkommunalt i den forstand at verknader av planforslaget for sjøarealet i tilstøytande kommunar også må vurderast i dette planarbeidet.

Det vil kunne vera aktuelt for Fylkesmannen å gje skjønsmidlar til eit slikt interkommunalt arbeid med ein kommunedelplan for akvakultur dersom alle kommunane deltek.

Med helsing

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

Arve Meidell  
seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Os kommune

Samnanger kommune

Tysnes kommune

Hordaland fylkeskommune

Postboks 84

Tyssevegen 217

Rådhuset

Postboks 7900

5202

5650

5685

5020

Os

Tysse

Uggdal

Bergen